



LINDUM AS
Lerpeveien 155
3036 DRAMMEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Oversending av løyve til opprydding i forureina grunn - Husemoen 17 i Ullensvang – bakgrunn for saka og vedtak om gebyr

Vi viser til søknad om løyve til å gjennomføre opprydding på tomta Husemoen 17 i Ullensvang herad datert 7.6.2019.

Bakgrunn

Tomta har vore nytta av Hardanger gjenvinning as til avfallsføremål. Etter fusjonering med Lindum as, er Lindum as eigar. Tomta skal overtakast av Ullensvang herad, som vil nytte området til industriføremål. Når tomta er overteken skal miljøtilstanden på tomta vere akseptabel for tiltenkt vidare arealbruk.

Lindum as har fått gjennomført ei miljøteknisk gransking. Granskinga viste at delar av tomta har forureina grunn. Etter nasjonal tilstandsklassifisering (Rettleiar ta2553/2009 frå Miljødirektoratet), er den forureina grunnen klassifisert i tilstandsklasse frå 1 til 5, og i eitt prøvepunkt er det påvist blyverdi som gjer at det representative området rundt prøvepunktet må klassifiserast som farleg avfall. Også det representative området rundt prøvepunkt 4 bør handterast vidare som farleg avfall. Dette følgjer av formelen på s. 21 i ta2553/2009 for additiv effekt av fleire stoff som er påvist i konsentrasjonar i tilstandsklasse 5.

Granskinga viser at tilstanden ikkje er akseptabel for vidare tiltenkt bruk for ny eigar, og det er behov for å gjere tiltak.

Førehandsvarsling

Søknaden er sendt på førehandsvarsling til Ullensvang kommune, Hardanger energi nett as, Ullensvang skyttarlag, Nedrevåg eigedom as, Margaret Hus, Magnar N. Instanes, Ingunn Instanes og Bulldog avensis as.

Det har ikkje kome merknader til søknaden.



Fylkesmannen sine vurderingar

Vurdering etter vassforskrifta og naturmangfaldlova

Tiltaket vil skje innafør etablert areal for industriføremål. Tiltaket vil ikkje føre til auka belastning eller nemneverdig fare for vass- eller naturmiljøet. Gjennomført tiltak vil føre til ein til dels vesentleg betring av faren for forureining av grunnvatn og nærliggande vassløp, og til ein akseptabel miljøtilstand for tiltenkt bruk av arealet.

I tiltaksperioden kan det mellombels bli fare for noko auka fare for vassforureining, støv og støy. Det er sett krav til aktsemd under gravearbeidet. Arbeidet bør ikkje skje under sterk nedbør utan at eventuelt vassig ut frå tomta er kontrollert, og eventuelt reinsa eller frakta til reinseanlegg.

Nærmiljøet

Det er ikkje venta at støv, støy eller eventuell lukt frå tiltaket vil vere uakseptabelt i tiltaksperioden. Dei generelle krava til tiltakshavar om internkontroll vil bidra til å sikre at tiltaket ikkje fører til uakseptabel belastning på nærmiljøet.

Det er sett krav til at tiltaket ikkje vil føre til auka fare for spreieing eller etablering av framande skadelege artar. Eventuelle eksisterande slike artar må takast særskilt hand om slik at den ansvarlege ikkje bidrar til spreieing.

Vidare bruk av området

Grunnen skal ryddast til eit nivå som gjer at tomta kan nyttast vidare til industriføremål. Akseptkriteria i løyvet er sett i samsvar med føringar i ta 2553/2009. Det vil seie at tomta etter opprydding framleis er eller kan vere forureina i tilstandsklasse 3. Tomta kan difor ikkje utan godkjenning nyttast til bustadføremål eller liknande.

Delar av området er asfaltert. Det kan vere grunn til å vurdere at det også her er eller kan vere forureina grunn. Eventuell forureining under dette arealet vil vere godt verna mot spreieing eller eksponering for personar. Det er difor ikkje sett krav om gransking og eventuell opprydding her. Merk at det ikkje vil vere lovleg å fjerne eller grave i det asfalterte arealet utan etter løyve frå forureiningsstyremakt. Merk også at det ikkje vil vere lovleg å grave i arealet elles utan etter avklaring med kommunen (løyve) i samsvar med kap. 2 i forureiningsforskrifta.

Konklusjon

På bakgrunn av søknad, gransking, tiltaksplan og søknadsprosess, meiner Fylkesmannen at omsøkt tiltak vil vere eit godt miljøtiltak som vil bidra til redusert forureining, og mindre fare for spreieing av forureina stoff ut frå tomta. Vi har difor gitt løyve til tiltaket på nærare vilkår.

Gebyr for saksbehandling

Fylkesmannen må ta gebyr for arbeid med løyve og kontrollar etter forureiningsregelverket. Vi viser til varsel om gebyr sendt til Lindum as (Drammen) 17.6.2019. Fylkesmannen vedtar med dette at Lindum as må betale eit saksbehandlingsgebyr til staten på kr. 16 400,- for vår behandling av søknaden. Gebyret svarar til gebyrsats 7 i forureiningsforskrifta § 39-3. Faktura blir seinare sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.



Klagerett

Søklar, varsla naboar, kommunen og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på løyvet eller enkeltvilkår i løyvet. Klage bør grunngjevast og sendast til Fylkesmannen. Dersom vi ikkje gjer om på vedtaket blir det sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd. Søklar kan også klage på vedtak om gebyr i dette skrivet.

Med helsing

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang herad Heradshuset 5780 KINSARVIK



Løyve til opprydding i forureina grunn

Husemoen 17, gards- og bruksnr. 139/250 i Ullensvang kommune

Fylkesmannen gir Lindum as løyve med heimel i forureiningslova § 11 jf. §§ 16 til opprydding i forureina grunn på nærare oppgitt stad. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 7.6.2019 og opplysningar som kom fram under behandlinga av søknaden.

Løyvet gjeld frå i dag.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan to år etter at løyvet tok til å gjelde, skal tiltakshavar sende ei utgreiing om status for tiltaket. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Stad og ansvar

Ansvarleg tiltakshavar	Lindum as
Postadresse	Lerpevegen 155, 3036 Drammen
Lokalitet	Husemoen 17, Ullensvang
Org.nummer (tiltakshavar)	979618840
Gards- og bruksnummer	139/250

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2019.0703.T	1231.0052.01	19/1941

Løyve gitt: 14.8.2019	Løyve sist endra: -
Hallvard Hageberg senioringeniør	Gøsta Hagenlund sjefingeniør
Løyvet er godkjent elektronisk	

1 Ramme for løyvet

Løyvet gjeld fjerning av avfall og forureina grunn frå lokalitet 4047 Husemoen¹ med utgangspunkt i tiltaksplan utarbeidd av Norconsult 7.12.2018.

¹ Nummer og namn frå databasen Grunnforurensning



Heile tomta må sjåast under eitt og opprydding til akseptabel miljøtilstand må omfatte heile tomta.

2 Miljømål og akseptkriteria

Etter gjennomført opprydding skal gjenverande forureining ikkje medføre uakseptabel helserisiko for brukarar av området, eller for bruk av nærliggande areal. Det skal ikkje liggje att forureina masse i overflatelag med høgare tilstandsklasse enn 3.

Gjenverande forureining skal ikkje kunne spreia i unødvendig eller uakseptabel grad til nærliggande vassdrag eller grunn.

Arealet kan nyttast til industriføremål eller til trafikk på køyresterkt dekke.

Det er ikkje tillate å grave i etablert asfaltdekke utan avklaring med forureiningsstyresmakt.

3 Tiltaket

3.1 Gjennomføring

Forureina masse i tilstandsklasse 4 og høgare skal leverast til godkjent avfallsmottak. Dette omfattar representativt areal rundt prøvepunkt 1 – 4, 6, 8 og 9.

Avfall på og i forureina grunn skal sorterast frå med sikte på materialgjenvinning så langt praktisk råd. Både maskinell og manuell sortering kan vere nødvendig.

Stein med større diameter enn 40 mm kan sorterast frå og nyttast til utfyllingsføremål. Dersom massane er oljeforureina, må i tillegg stein med diameter inntil 80 mm leverast som forureina masse.

Utgraving og utskifting av masse må omfatte øvste 0,5 – 1 m, ned til grunnvassnivå.

Arbeidet skal ikkje føre til vesentleg auke i fare for spreiding av helse- og miljøfarleg stoff utanfor tomta. Om nødvendig må arbeidet stansast i nedbørrik periode.

3.2 Mellomlagring og transport

Utgrave masse kan fråsorterast større stein og avfall på tomta Husemoen 17. Forureina masse og avfall skal ikkje mellomlagrast, og må fraktast direkte til avfallsanlegg (bil eller båt).

3.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining under gjennomføring av tiltaket, under dette utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar tiltakshavar å redusere sine utslepp – dette gjeld også for støy og ulemper frå lagring av avfall, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.



3.4 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar tiltakshavar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må aktiviteten reduserast eller innstillast.

Tiltakshavar skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift². Tiltakshavar skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen gjennom fmvlpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

3.5 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for eigen del og eventuelle innleigde partar i samsvar med gjeldande forskrift³. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at tiltaket blir gjennomført i samsvar med krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.

Tiltakshavar skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen med forureining.

3.6 Nærmiljø

Tiltakshavar skal sikre at forureining og anna ulempe utover det som er nødvendig og tillate i dette løyvet, vert reduserte til eit minimum. Plikta omfattar mellom anna reduksjon av utslepp til vatn og luft, lukt, støv, støv, skadedyr og framande plantar.

Tiltakshavar skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre etablering og spreining av skadelege framande artar. Ved tiltak der det skal gravast og flyttast på massar, må det avklarast om det finst slike artar i tiltaksområdet. Om det finst framande artar i området, som er risikovurdert til svært høg (SE) og høg (HI) risiko, jf. Artsdatabanken, må det utarbeidast ein plan for korleis ein skal hindre at desse artane spreier seg. Vidare tiltak må gjennomførast i samsvar med planen.

Tiltaksområdet skal vere sperra av for å kunne hindre tilgjenge frå uvedkomande.

4 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

4.1 Kontroll med utslepp til vatn

Tiltakshavar skal kontrollere og dokumentere utslepp til vatn ved å gjennomføre vurderingar, og målingar der det er nødvendig.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for faktiske utslepp som følgje av aktiviteten og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig verknad og med det er omfatta av rapporteringsplikta

² Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

³ Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)



4.2 Oppdatering av databasen Grunnforurensning

Tiltakshavar ska syte for at databasen Grunnforurensning blir oppdatert for lokaliteten "4047 Husemoen". Analysedata for kvart prøvepunkt skal importerast til databasen. Når tiltaket er gjennomført skal datasettet frå den miljøtekniske rapporten setjast til "historisk".

4.3 Sluttrapport

Sluttrapport om tiltaket og bilete av tomte skal sendast til Fylkesmannen i Vestland innan tre månadar etter at tiltaket er avslutta,

5 Miljøovervaking

Tiltakshavar er ikkje pålagt eigen overvaking av vassførekomst.

6 Tilsyn

Tiltakshavar pliktast å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med tiltaket til ei kvar tid.